



SOMMARVERTSKAP PÅ YTSTE SKOTET




Om garden Ytste Skotet

Ytste Skotet (heretter: YS) er ein fjellgard som ligg om lag 250 m.oh. ved Storfjorden. Han ligg i Fjord kommune.

Det er Storfjordens Venner (heretter: StVe) som eig garden (gåve frå siste drivar). På denne garden har StVe restaurert og gjenreist i alt 17 bygningar med stort og smått.

Garden er svært godt eigna som turistmål for folk som ønskjer innsikt i dagleglivet på ein fjord- og fjellgard den gongen desse var i full drift. StVe har difor brukt garden som besøksgard der ein både kan opphalde seg, få informasjon om driftsmåtar og daglegliv i ei svunnen tid og sjølv delta aktivt i gardsarbeid (slått, vedhogst, vedlikehaldsoppgåver knytt til hus og landskap m.m.).



Kva vil eit korttidsengasjement på Ytste Skotet innebere

Som vertskap for gjester til YS må du:

- vere interessert i og vise interesse for kva det inneber å fungere som vertskap for gjester til YS (informasjon/formidling, matlaging, ev. enklare dyrehald m.m.)
- vere språkkunnig slik at du kan formidle informasjon på minst eitt framandspråk
- kunne handtere ei motorisert taubane (etter opplæring)
- setje deg inn i alt som har med HMS (særleg branntryggleik, førstehjelp) på garden å gjere
- til ein viss grad vere viljug til å delta i drifta av garden (stell, planlegging, vedlikehalds-/reparasjonsoppgåver) i periodar det er få gjester til garden. Nærare info om dette vil bli gitt.
- setje deg inn i gardshistoria og historia til Storfjordens Venner slik at du kan formidle denne til gjester
- kunne organisere tiltak for gjester (overnatting, turar, transport, opplæring, informasjonstiltak m.m.)
- vere viljug til å arbeide i nokre helger ilt. ein sesong
- den som tek på seg jobben må utarbeide ein plan for kva type aktivitetar ein kan rekne med å få tilgang til på garden (turar, aktivitetar for barn, orienteringar,)

Ønska kvalifikasjonar

Eit engasjement på Ytste Skotet krev at du:

- er sjølvstendig og ansvarsfull
- har gode samarbeidsevner
- er utadvent og sosial
- har gode språkkunnskapar
- har gode formidlingsevner
- er løysingsorientert og har ei viss teknisk innsikt

Å kunne handtere landbruksmaskinar (traktor, slåmaskinar m.m.) vil vere ein føremon.

Arbeids- og lønnsvilkår

Arbeidstid:

Transport til og frå YS skjer med båt. Den som skal føre båten å ha minimum båtførarbevis. Det vil bli gitt opplæring i bruk av båten. Det vil difor vere mest tenleg å opphalde seg på garden i periodar (1 veke/14 dagar) om gongen. Vi vil prøve å få engasjert to personar til jobben med tanke på tryggleik. I tillegg vil det innimellom vere personar frå Storfjordens Venner som er til stades på frivillig basis.

Lønnsvilkår:

Kr 1 450 /dag, kost og losji inkludert.

Anna:

- Du må sjølv halde deg med passande arbeidstøy, men vil få dekkja aktuelt verneutstyr.

Lengde på engasjementet:

- Dette er ei oppgåve som er avgrensa i tid til sommarsesongen (primo juni – medio august, ev. fram til skulestart).

Søknad

- Søknaden og ev. spørsmål skal sendast til: inge.bjordal@stranda.kommune.no med kopi til: kjetil@verdsarvfjord.no

Intervju

- Vi ønskjer eit intervju før vi tek avgjerd om tilsetjing. Dette kan avtalast som eit fysisk møte eller ev. på Teams.

Inge Bjørdal (styreleiar)

E-post: inge.bjordal@stranda.kommune.no.

M; 464 11 023